

Framlegg til nye Vedtekter for Frivilligsentralar i Sogndal kommune

Vedtekne av kommunestyret 18. juni 2020.

Eigar

Frivilligsentralane i Sogndal er eigd av Sogndal kommune.

Føremål

Frivilligsentralane i Sogndal skal bidra til å styrkje den frivillige innsatsen i kommunen.

Frivilligsentralane skal:

- vera ein sentral møteplass for frivillig arbeid i kommunen
- vera ein brubyggjar og koordinere frivillig innsats i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, institusjonar, kyrkja, flyktingane, alle skulane i kommunen og næringslivet
- vera eit bindeledd mellom dei som ønskjer å yte og dei som ønskjer å ta imot ein ubetalt innsats i lokalmiljøet
- styrke deltaking og breidde i frivillige lag og organisasjonar, med eit spesielt fokus retta mot einsemd, sosial utanforskap og inkludering
- vere eit tillegg til offentleg verksemd og ikkje formidle betalte tenester
- legge til rette for samarbeid og samhandling mellom frivillige lag/organisasjonar og tenestene i kommunen
- stimulere til å rekruttere og auke deltaking i eksisterande organisasjonar, og bidra til aktiv deltaking i lokalsamfunnet for alle som ønskjer å bli nye frivillige.
- ha ei aktiv rolle med å hjelpe lag og organisasjonar med å starte opp nye behovsretta aktivitetar.

Årsmøtet

Formannskapet utgjer årsmøtet og er sentralane sitt øvste organ. Møtet skal haldast innan 1. juni og kunngjerast med minst 7 dagar.

Styret har tale- og framleggsrett.

Saker som skal handsamst er:

- a) Godkjenning av rekneskap
(inngår i kommunen sin ordinære rekneskap, og vert handsama saman med den)
- b) Årsmelding
- c) Handlingsplan
- d) Budsjett
- e) (inngår i kommunen sitt ordinære budsjett, og vert handsama samstundes med det)
- f) Val av leiar for 2 år av gongen
- g) Andre saker (t.d. vedtektsendring).

Ekstraordinært årsmøte skal haldast om formannskapet eller styret krev dette.

Styret

Styret har ansvaret for å nå måla for frivilligsentralane og har mellom anna følgjande arbeidsoppgåver:

- Drift av sentralane i samsvar med gjeldande vedtekter og handlingsplan
- Sende søknad om budsjett og utarbeida årsmelding

- Årsmelding og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden og berekninga av statstilskotet, skal oppbevarast lokalt og vere tilgjengeleg for kontroll, jf. § 10 2.ledd i løyvingreglementet som Stortinget har vedteke.

Styret skal vera samansett av minimum 5 personar, med personlege vararepresentant.

- Ein politisk vald representant for den politiske valperioden vald av kommunestyret
- Ein representant peika ut av rådmannen
- 1 representant frå kvar avdeling sitt råd

Det er viktig med kontinuitet i styret. Difor bør val av medlemar i styret skje på ulike år. Dette gjeld ikkje den politisk valde representanten. Det skal haldast minst fire styremøte årleg.

Dagleg leiarar for kvar avdeling har tale og møterett.

Råd

For kvar avdeling er det eit eige råd med 4 medlemmer vald av kontaktmøtet. Ein av desse vert vald som leiar av rådet.

Dagleg leiar

Det er tilsett dagleg leiar for kvar avdeling av frivilligsentralen. Sogndal kommune har arbeidsgjevaransvar og tilset dagleg leiar(ar). Dagleg leiar har medarbeidarsamtale med rådmannen i kommunen. Rådmannen utarbeidar stillingsomtale og leiaravtale.

Ein av leiarane er sekretær for styret og fremjar saker.

Kontaktmøte

Det skal kvart år – før årsmøtet – haldast eit breitt og ope kontaktmøte med frivillige lag og organisasjonar, institusjonar og andre interesserte i regi av frivilligsentralen. Møtet skal ta opp idear og meiningar som til ei kvar tid er aktuelle, og skal vere ein myldreplass på tvers av grensene i lokalmiljøet. Kontaktmøtet skal velje fire representantar til rådet for den aktuelle avdelinga for frivilligsentralen.

Datert 11.05.2020